

Forskrift om skule- og feriedagar 2027-2028 i Bremanger kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret 18. desember 2025 med heimel i lov 9. juni. 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2027-2028. Elevane har rett og plikt til å møte på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskulane i .Bremanger kommune skuleåret 2027-2028.

§ 2 Skule – og feriedagar skuleåret 2027-2028:

Tabell for skuleruta:

Månader:	Hending:	Tal skuledagar:
AUGUST	Første skuledag 16. august	12 dagar
SEPTEMBER		22 dagar
OKTOBER	Haustferie: Veke 41 (4. – 8. oktober)	16 dagar
NOVEMBER	Elevfri/planleggingsdag: 5. november	21 dagar
DESEMBER	Juleferie: 22. desember – 31. desember	15 dagar
JANUAR	Første skuledag etter jul 3. januar	21 dagar
FEBRUAR	Vinterferie: Veke 8. (21. februar – 25. februar)	16 dagar
MARS		23 dagar
APRIL	Påskeferie: 9. april – 17. april	14 dagar
MAI	Elevfrie dagar: <ul style="list-style-type: none">• 1. mai: Off. høgtidsdag• 17. mai: Grunnlovsdag• 25. mai: Kristi himmelfartsdag• 26. mai: elevfri	19 dagar
JUNI	Elevfri dag: <ul style="list-style-type: none">• 5. juni: 2. Pinsedag Siste skuledag: 16. juni	11 dagar
SUM		190 dagar

§ 3 Lokale variasjonar

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, til dømes grunna skuleturar.

§ 4 Iverksetjing og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2027 og opphøyrer 30. juni 2028.